



## Statens vegvesen

BAARD JOHANNESSEN  
ZETLITZ' GATE 10  
5006 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
18/222824-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
09.11.2018

### Fv. 564 – Dispensasjon frå byggegrense – gnr. 5 bnr. 34 – Oppføring av tilbygg – Meland kommune

Vi viser til brev motteke 07.10.2018, om søknad om dispensasjon frå byggegrense for eigedom gnr. 5 bnr. 34 i Meland kommune.

#### Om søknaden og planstatus

Søknaden gjeld tilbygg til eksisterande fritidsbustad, med minste avstand på 30 meter frå fv. 564 Rosslandsvegen.

Eigedommen ligg i uregulert område. I føresegn § 3.2.3 til kommuneplanens arealdel, tabell 9.2, er fritidseigedommen lista opp som «*Bygde fritidseigedomar med status som LNF-spreidd bustad*». Statens vegvesen legg difor til grunn at tiltaket er i samsvar med eigedomens planføre mål.

#### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Statens vegvesen har starta planarbeid for utbetring og trafikktrygging av fv. 564 på strekninga frå Fløksand til Vikebø. Grunna dårlege grunntilhøve ved Leiro ved Fløksand, vert fylkesvegen planlagt i ny trase nord/aust for Eidshaugane. Etter ei konkret vurdering vil difor ikkje omsøkte tiltak kome i konflikt med verken planlagt framtidig vegtrase eller eksisterande trase.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Vedtak**

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 564 Rosslandsvegen for å oppføre tilbygg til eksisterande bygning på gnr. 5 bnr. 34 i Meland kommune.

**Vilkår for dispensasjonen:**

1. Tiltaket skal være i tråd med skisse i søknad, motteke 7.10.2018.
2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 564 Rosslandsvegen skal vere minst 30 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrse må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesvegen.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

**Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger eller e-post: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no), som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG